



# **Retningslinjer skuleskyss Ål kommune**



**Vedteke i Suko 17. desember 2013**

## 1. Innleiing

I Ål kommune har om lag 40 % av elevane skuleskyss. Opplæringslova med retningslinjer regulerer skuleskyssordninga i kommunen.

### *Opplæringslova § 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskolen*

*Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.*

I Ål er det mange ulike ordningar som gir elevar skuleskyss. Desse retningslinjene viser korleis kommunen praktiserer lovverket for skuleskyss i kommunen. Retningslinjene har i seg både folkehelse-, lærings- og trafikktryggleiksperspektivet.

Retningslinjer for skuleskyss omhandlar ikkje forslag til fysiske tiltak eller prioriteringar av tiltak knytt til skulevegen. Det høyrer til i plan for trafikktryggleik. Skiltplan for Ål og plan for trafikktryggleik er førande for kva fysiske trafikksikringstiltak som blir prioriterte i Ål kommune.

## 2. Bakgrunn

### **Folkehelseperspektivet**

Lov om folkehelse pålegg kommunane å fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold (§ 4). Ut frå ein oversikt over utfordringar for folkehelsa skal kommunen setje i verk nødvendige tiltak for å møte desse (§ 7). Det er eit nasjonalt mål å auke dagleg aktivitet blant barn og unge (Helsedirektoratet, 2008). Kommunen kan mellom anna bidra med tilrettelegging, informasjon, rettleiing og råd, men det er likevel kvar enkelt som må ta ansvar for å vera meir fysisk aktiv i kvardagen. Aktiv transport (gå/sykle) til skulen er viktig både for fysisk og psykisk helse. I tillegg er det meir sosialt når fleire elevar går saman til skulen. Aktivitet før skulestart gjer det lettare å konsentrere seg gjennom skuledagen.

### **Læringsutbytte**

Forskning viser at fysisk aktivitet både gir betre skulemiljø og fremjar skuleprestasjonar (Bedre Skole nr. 2, 2012). Ei aktivitetsøkt før skulestart gir betre konsentrasjon heile skuledagen. Eitt av kvalitetsmåla i handlingsplan for betre læring i Ål kommune omhandlar dagleg fysisk aktivitet nettopp for å auke læringsutbytte. Skulevegen er også ein arena for sosial utvikling.

### **Trafikktryggleik**

Foreldre har hovudansvar for opplæring av eigne born i trafikken. Skulen har ansvar for rutinar på busshaldeplass ved skulen, og kan øve på trafikkåtferd i skuleområdet (Trygg Trafikk). Foreldrekyring til skulen skapar utrygge situasjonar i skuleområdet. Er det fleire som går, blir det færre biler på skulevegen. Det gjer nærmiljøet til skulen tryggare og meir triveleg.

### 3. Retningslinjer for skuleskyss i Ål

Å kunne gå eller sykle til skulen er eit gode. Det gir betre helse, betre læring og det er sosialt. Ål kommune vil difor i samarbeid med foreldre legge til rette for ein aktiv skuleveg.

1. Skuleelevar i grunnskulen i Ål kommune skal ha skyss i samsvar med Opplæringslova § 7-1:
  1. årssteg har rett på fri skuleskyss dersom skulevegen er over 2 km
  - 2.-10. årssteg har rett på fri skuleskyss dersom skulevegen er over 4 km.Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.
2. Rv. 7, der det ikkje er gangveg, vert rekna som særleg farleg skuleveg, og gir rett til skuleskyss.
3. Søknad om særleg farleg skuleveg skal handsamast slik:
  1. Skulen i samarbeid med søker kartlegg og vurderer kva punkt eller strekning som blir oppfatta som særleg farleg.
  2. Skulen vurderer alternative vegar/snarvegar i samråd med søker og set i verk eventuell nødvendig tilrettelegging.
  3. Skulen i samarbeid oppvekstkontoret vurderer vinterskyss.
  4. Dersom ingen andre løysingar er mogeleg skal eleven få tilbod om heilårsskyss.

Søknadsfrist for dei som søker skyss pga. farleg skuleveg eller skulebyte, er 1. januar. Søknaden blir handsama av oppvekstkontoret i Ål kommune. Fylkesmannen i Buskerud er klageinstans.

4. Skulane skal kvart år:
  - Gjennomføre gå-/sykle til skulen-aksjon.
  - Sende ut skriv til alle føresette ved skulestart med oppmoding om å unngå køyring til skulen.
  - Gjennomgå snarvegar og behov for utbetring (om våren).
  - Vurdere å søke midlar for lokale trafikksikringstiltak i samarbeid med folkehelsekoordinator.
  - Rullere ordensreglane som mellom anna regulerer sykkelbruk. Det bør opnast for lokale løysingar og individuelle vurderingar ved kvar skule.